

Prop. 17 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Energidepartementet

*Tilråding frå Energidepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Energidepartementet med forslag til endringar i statsbudsjettet 2024 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsvirksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2024

Kap. 1800 Energidepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 5,2 mill. kroner, til om lag 251,3 mill. kroner, som følge av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 28 mill. kroner. Reduksjonen er knytt til kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag i regi av Riksantikvaren og heng saman med at feltarbeidet i fleire av prosjekta har vore utfordrande på grunn av svært høg vasstand etter

snøsmeltinga. Det planlagde arbeidet i 2024 er derfor redusert i fleire vassdrag.

Den delen av løyvinga som er knytt til kulturminneundersøkingane, utgjer etter dette 10 mill. kroner. Kulturminneundersøkingane er finansierte av sektoravgift for kulturminnevern i regulerte vassdrag, som blir inntektsført under kap. 5582, post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag.

Kap. 1810 Sokkeldirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 6,1 mill. kroner, til 352,9 mill. kroner, som følge av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, til 87,1 mill. kroner. Reduksjonen heng saman med forseinka framdrift i opptrappinga av digitaliseringsprogrammet i Sokkeldirektoratet.

Dette gjer det mogleg å redusere løyvinga og omdisponere reduksjonen for å dekke inn meir-

behov under NVE. Vi viser til forslaget om å auke løyvinga til IKT-sikkerheitstiltak i NVE, jf. omtale under kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 17,5 mill. kroner, til om lag 916,5 mill. kroner, som følge av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å auke løyvinga med 18,5 mill. kroner, til 109,5 mill. kroner.

Auken skal finansiere tiltak for å styrke IKT-sikkerheita i NVE. Tiltaka omfattar mellom anna system for sikkerheitskopiering med tilstrekkeleg datalagringskapasitet og sikring av at data er tilgjengelege.

Post 26 Reguleringsmyndigheita for energi

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 2 mill. kroner, til om lag 83,2 mill. kroner, som følge av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 76 Stønad til hushaldningskundar av nærvarmeanlegg, kan overførast

Løyvinga omfattar tilskot til stønad for ekstraordinære straumutgifter til hushaldskundar av nærvarmeanlegg som baserer seg på straum. Med utgangspunkt i gjennomførte utbetalingar så langt i 2024 og anslag ut året er dei forventa utbetalingane under stønadsordninga justerte ned i 2024. Anslaget er usikkert.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 8 mill. kroner.

Kap. 1850 Klima, industri og teknologi

Post 70 Gassnova SF

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 12,5 mill. kroner, til 94,3 mill. kroner.

Reduksjonen heng saman med redusert konsulentbruk og vakansar. Departementet foreslår å omdisponere reduksjonen for å dekke inn behov

for auka løyvingar til andre formål, jf. kap. 1820, post 21 Spesielle driftsutgifter, kap. 1850, post 75 Norwegian Energy Partners, og kap. 1860, post 01 Driftsutgifter.

Post 71 Teknologisenter Mongstad

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 24 mill. kroner, til 66 mill. kroner.

Reduksjonen heng saman med avrekning og tilbakebetaling av utgifter for 2023 på bakgrunn av ein reduksjon i den statlege eigardelen frå 74 pst. til 34 pst. og lågare kostnader i 2024.

Post 72 Langskip – fangst og lagring av CO₂, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 300 mill. kroner, til 1 400 mill. kroner.

Reduksjonen heng i hovudsak saman med eit større forsikringsoppgjer for Northern Lights som har komme i 2024. Forsikringsoppgjeret gjeld erstatning for skadar og utbetringar som er oppstått i samband med bygginga av landfalltunellen for rørleidninga frå landanlegg og ned til havbotnen og vidare ut til brønn.

Hafslund Celsio

Staten og Hafslund Celsio (Celsio) inngjekk avtale om finansiering av CO₂-fangst på avfallsforbrenningsanlegget på Klemetsrud våren 2022, jf. Prop. 115 S (2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022). Prosjektet blei finansiert av staten, Oslo kommune og Celsio. Staten forplikta seg til å bidra med 4,05 mrd. 2024-kroner, jf. Prop. 1 S (2024–2025).

Våren 2023 la Celsio fram ein ny kostnads- og usikkerheitsanalyse, der den forventta samla kostnaden for prosjektet hadde auka vesentleg sidan investeringsavgjerda blei tatt. Celsio sette derfor prosjektgjennomføringa på vent for å vurdere løysingar som ville redusere kostnadene. Selskapet la i august i år fram eit nytt prosjektgrunnlag, med planlagd ferdigstilling i 2029. Her har selskapet oppjustert dei forventa (P50) investeringskostnadene til om lag 8,4 mrd. 2024-kroner, mot om lag 5 mrd. kroner i 2022. P85-estimatet for investeringskostnadene er om lag 9,5 mrd. 2024-kroner. Dei årlege driftskostnadene er no estimerte til 311 mill. 2024-kroner.

For å vurdere modnaden i prosjektet har Energidepartementet og Finansdepartementet fått ein ekstern kvalitetssikrar til å gjere ein supplerande analyse av prosjektet. Den eksterne

kvalitetssikraren påpeikar at det framleis er betydeleg risiko i prosjektet og at kostnadsestimata er for låge. Vurderinga er at prosjektet er noko umodent, særleg når det gjeld kostnads- og framdriftsanalysen, men at det er modent nok til at staten kan avgjere no kor mykje staten maksimalt skal vere med å finansiere. Det føreset at den økonomiske forpliktinga til staten i prosjektet er ein fastsett storleik, og at Celsio arbeider vidare på område som er påpeika i analysen til den eksterne kvalitetssikraren og av Gassnova. Gassnova si vurdering er at det ikkje finst føresetnader eller manglar i prosjektet som kan sette ein stoppar for at det startar opp igjen, men at kostnadsusikkerheita i prosjektet er -20/+30 prosent. Selskapet sjølv legg til grunn ei kostnadsusikkerheit på -15/+20 prosent. Gassnova meiner også at det er plan- og kostnadsrisiko knytt til vidare modning av design og leverandøravtalar, og at Celsio bør jobbe vidare med styringssystemet for prosjektgjennomføringa.

Eit vellykka prosjekt vil ha stor demonstrasjonsverdi for CO₂-fangst i avfallsforbrenning i Noreg og internasjonalt. I drift vil prosjektet fange inntil 350 000 tonn CO₂ årleg, fordelt om lag likt på fossile og biogene¹ kjelder. Regjeringa ønsker derfor å legge til rette for at prosjektet blir gjennomført.

For å bidra til å dekke det auka finansieringsgapet for prosjektet foreslår departementet endringar i tilskotsavtalen som er inngått, og at det maksimale finansielle bidraget frå staten aukar frå 4,05 til 4,4 mrd. 2024-kroner. Beløpet vil bli pris- og valutajustert i åra som kjem. Kostnadsauken for staten er knytt til utgifter til å forlenge tilskot til kjøp av transport- og lagerkapasitet fordi det er kort tid igjen av avtalen som er inngått med transport- og lageroperatøren Northern Lights. I tillegg kjem renteeffektar.

I den noverande tilskotsavtalen mellom staten og Celsio er det regulert ei tilleggsstøtte for fanga CO₂ som ikkje er kvotepliktig. Tilleggsstøtta tilsvaret kvoteprisen per tonn CO₂ fråtrekt forbrenningsavgifta og eventuelle inntekter frå sal av kredittar, sertifikat eller liknande for fangst av biogen CO₂. Regjeringa foreslår å fjerne frådraget for eventuelle inntekter frå sal av slike kredittar eller sertifikat. Med den noverande avtalen har selskapet tilnærma ingen insentiv for å skaffe seg slike inntekter. Med dagens kvotepris på om lag

70 euro per tonn, vil tilleggstilskotet utgjere om lag 140 mill. kroner i året i driftsfasen ved full kapasitetsutnytting. Tilleggstilskotet kan bli vesentleg høgare eller lågare, avhengig av mellom anna utviklinga i kvoteprisen.

Selskapet har fleire insentiv for å ferdigstille prosjektet og sette det i drift utan forseinkingar. Mellom anna vil driftstilskotet, sparte CO₂-kostnader og mogleg sal av kredittar eller liknande for fangst av biogen CO₂ bli skyvde fram i tid ved forseinkingar, noko som har negativ effekt på prosjektøkonomien til selskapet. For å styrke insentiva for selskapet og redusere den økonomiske risikoen for staten, har departementet blitt einig med selskapet om at 500 mill. 2022-kroner av investeringstilskotet blir gjorde om til eit oppstartstilskot, som blir utbetalt når fangstanlegget startar opp. Fangstprosjektet skal etter planen ferdigstillast i mai 2029. I tillegg er partane einige om at 300 mill. 2022-kroner av driftstilskotet blir gjorde om til eit oppstartstilskot med dagleg nedtrapping ved forseinking. Frå og med 1. oktober 2029 blir denne delen av oppstartstilskotet trappa ned for kvar dag ferdigstillinga av fangstprosjektet blir forseinka. Dei første 6 månadene er nedtrappinga 0,5 mill. kroner per dag. Deretter, frå og med 1. april 2030, er nedtrappinga 1 mill. kroner per dag. I den reviderte tilskotsavtalen blir det også presisert at staten ikkje skal bidra med ytterlegare tilskot eller risikoavlasting ved kostnadsoverskriding.

Bystyret i Oslo har godkjent investeringsavtalen for prosjektet mellom kommunen og selskapet. Selskapet legg opp til ei endeleg investeringsavgjerd innan januar. Departementet vil drøfte endringane i tilskotsavtalen med EFTAs overvakingssorgan, ESA.

Departementet foreslår å auke den maksimale kostnadsramma (P85) og anslaget på forventastatlege tilskot frå 4,05 mrd. 2024-kroner til maksimalt 4,4 mrd. 2024-kroner, der investeringstilskot utgjer 2,0 mrd. 2024-kroner, oppstartstilskot utgjer 0,9 mrd. 2024-kroner og driftstilskot utgjer 1,5 mrd. 2024-kroner, jf. forslag til vedtak. I den reviderte tilskotsavtalen er det føresett pris- og valutajusteringar av investeringstilskotet, pris- og straumprisjustering av driftstilskotet og prisjustering av oppstartstilskotet, jf. forslag til vedtak. Den delen av investeringstilskotet som blir foreslått gjort om til oppstartstilskot, vil i tillegg bli renteberekna, jf. forslag til vedtak.

Med bakgrunn i forslag til endringar i tilskotsavtalen som er inngått med Celsio, er den samla pris- og valutajusterte styringsramma (P50) for bygging og ti års drift av lager og dei to fangst-

¹ Biogene utslepp er utslepp frå forbrenning av biomasse. Utslepp av bio-CO₂ blir rekna som null i klimagassrekneskapet. Fjerning av slike utslepp gjennom fangst og lagring inneber dermed såkalla negative utslepp.

anlegga i Langskip oppjustert til om lag 34 mrd. 2024-kroner. Det statlege bidraget (P50) til etablering og drift er anslått til om lag 22 mrd. 2024-kroner utan tilleggsstøtte for fanga CO₂ som ikkje er kvotepliktig.

Post 75 Norwegian Energy Partners

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner, til 28,9 mill. kroner.

Auken heng saman med prosjektet Lower Emission, som skal bidra til auka eksport av norske lågutsleppslysingar, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Energidepartementet. Prosjektet føreset medfinansiering frå næringa og skal sikre fleire internasjonale kontraktar til norske bedrifter som leverer teknologi og tenester som reduserer klimautsleppa og energibehovet i den internasjonale petroleumsverksemda og globale prosessindustrien.

Kap. 1860 Havindustritilsynet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 11 mill. kroner, til om lag 360,3 mill. kroner.

Av auken heng 4 mill. kroner saman med kostnader til prosjektering, ombygging av lokale og klargjering av ei verna sone for å handtere gradert informasjon og vareta oppfølging av sikkerheitslova innanfor eigen sektor. Dei samla kostnadene er anslått til 28 mill. kroner. Det resterande beløpet blir dekt innanfor den gjeldande budsjetttramma og den foreslåtte auka løyvinga i 2025, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Energidepartementet.

Vidare foreslår departementet å auke løyvinga med om lag 7 mill. kroner som følge av eit anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 4810 Sökkeldirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,2 mill. kroner, til 26,5 mill. kroner.

Reduksjonen heng i hovudsak saman med færre søknader i samband med tildelingar i førehandsdefinerte område på norsk kontinentalsokkel (TFO-søknader) og redusert tilsynsverksemd.

Kap. 4860 Havindustritilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,4 mill. kroner, til 83,4 mill. kroner.

Reduksjonen heng saman med ei forskyving av ressursbruk frå gebyraktivitetar retta mot enkeltaktørar til aktivitetar retta mot grupper i næringa, der aktiviteten er finansiert av sektoravgifter, jf. kap. 5582, post 75 Sektoravgifter under Havindustritilsynet.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

Post 75 Sektoravgifter under Havindustritilsynet

Departementet foreslår å auke løyvinga med om lag 5 mill. kroner, til 140 mill. kroner.

Auken heng i hovudsak saman med ei forskyving av ressursbruk frå gebyraktivitetar retta mot enkeltaktørar til aktivitetar retta mot grupper i næringa, der aktiviteten er finansiert av sektoravgifter, jf. kap. 4860, post 01 Gebyrinntekter. I tillegg hadde Havindustritilsynet eit høgt aktivitetsnivå mot slutten av 2023. Det bidrar ytterlegare til den berekna meirinntekta i 2024, ettersom innbetalingane for denne aktiviteten har komme i 2024.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Energidepartementet knytte til petroleumsverksemda.

Under gjer Energidepartementet greie for bruken av fullmakter sidan den førre rapporteringa.

3.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene, jf. fullmakt XV i Innst. 9 S (2023–2024):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Den øvre grensa for dei samla investeringane per prosjekt er 15 mrd. kroner.

3. Kvart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsend og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er nytta ved desse høva:²

Draugen/Njord

Energidepartementet fekk 16. desember 2022 ein søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift (PAD) for kraft frå land til Draugen og Njord, 30. november 2022 ein søknad om endra plan for utbygging og drift (PUD) for Draugenfeltet og 15. desember 2022 ein søknad om endra PUD for Njordfeltet. Felta ligg i Norskehavet. Prosjektet inneber å erstatte turbindrift med drift basert på kraft frå land på felta. Det skal bidra til å redusere klimagassutslepp og til å auke produksjonen frå Draugenfeltet. Det skal byggast eit landanlegg med transformatorstasjon tilknytt kraftnettet på land. Vidare skal det gå ein kabel frå landanlegget til eit landfall for ein sjøkabel. Sjøkabelen skal gå frå landfallet til Draugen-plattformen og vidare til Njord A-plattformen. I tillegg inneber prosjektet modifikasjonar på Draugen- og Njord-plattformene for å klargjere dei for drift med kraft frå land. Omlegginga av energiforsyninga kuttar utslepp frå turbinane med om lag 330 000 tonn CO₂ og 1 770 tonn NO_x per år. Forventa oppstart er i starten av 2027. Rettshavarane i Draugenfeltet er OKEA ASA (44,56 prosent), Petoro AS (47,88 prosent) og M Vest Energy AS (7,56 prosent). Rettshavarane i Njordfeltet er Equinor Energy AS (27,5 prosent), Wintershall Dea Norge AS (50 prosent) og Vår Energi ASA (22,5 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD/PAD berekna til om lag 7,3 mrd. 2022-kroner.

Energidepartementet godkjende endra PUD/PAD for Draugenfeltet og Njordfeltet 22. desember 2023.

² Til og med november 2024.

Eirin

Energidepartementet fekk 14. september 2023 ein søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Eirinfeltet. Feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen. Eirin er ei havbotnutbygging med to produksjonsbrønner som skal knytast til Gina Krog-plattformen. Utbygginga bidrar til god utnytting av eksisterande infrastruktur og vil forlengje levetida for Gina Krog-feltet. Forventa utvinnbare ressursar er i utbyggingsplanen anslått til om lag 4,4 mill. Sm³ oljeekvivalentar, hovudsakleg gass med noko assosiert olje. Produksjonen skal etter planen starte i fjerde kvartal 2025, med ein forventa produksjonshorisont fram til 2036. Rettshavarane er Equinor Energy AS (58,7 prosent) og ORLEN Upstream Norway AS (41,3 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 4,1 mrd. 2023-kroner.

Energidepartementet godkjende PUD for Eirin 16. januar 2024.

Bestla

Energidepartementet fekk 30. april 2024 ein søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) av Bestlafeltet. Feltet ligg i den nordlege delen av Nordsjøen. Bestla er ei havbotnutbygging med to produksjonsbrønner som skal knytast til Brage-plattformen. Utbygginga bidrar til god utnytting av eksisterande infrastruktur og vil forlengje levetida for Bragefeltet. Forventa utvinnbare ressursar er i utbyggingsplanen anslått til om lag 3,8 mill. Sm³ oljeekvivalentar, hovudsakleg olje med noko assosiert gass og NGL. Produksjonen skal etter planen starte i første kvartal 2027, med ein forventa produksjonshorisont fram til 2031. Rettshavarane er OKEA (39,28 prosent), DNO Norge AS (39,28 prosent), Lime Petroleum AS (17 prosent) og M Vest Energy AS (4,44 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 5,1 mrd. 2024-kroner.

Energidepartementet godkjende PUD for Bestla 19. november 2024.

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Energidepartementet

Energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Energidepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 246 100 000 til kr 251 303 000	5 203 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72</i> , blir redusert med frå kr 33 000 000 til kr 28 000 000	5 000 000
1810		Sokkeldirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 346 800 000 til kr 352 900 000	6 100 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 102 100 000 til kr 87 100 000	15 000 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 899 000 000 til kr 916 525 000	17 525 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 91 000 000 til kr 109 500 000	18 500 000
	26	Reguleringsmyndigheita for energi, blir auka med frå kr 81 200 000 til kr 83 230 000	2 030 000
	76	Stønad til hushaldningskundar av nærvarmeanlegg, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 10 000 000 til kr 8 000 000	2 000 000
1850		Klima, industri og teknologi:	
	70	Gassnova SF, blir redusert med frå kr 106 800 000 til kr 94 300 000	12 500 000
	71	Teknologisenter Mongstad, blir redusert med frå kr 90 000 000 til kr 66 000 000	24 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Langskip – fangst og lagring av CO ₂ , <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 1 700 000 000 til kr 1 400 000 000	300 000 000
	75	Norwegian Energy Partners, blir auka med frå kr 26 400 000 til kr 28 900 000	2 500 000
1860		Havindustritilsynet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med frå kr 349 324 000 til kr 360 312 000	10 988 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Sokkeldirektoratet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med frå kr 30 700 000 til kr 26 500 000	4 200 000
4860		Havindustritilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med frå kr 85 800 000 til kr 83 400 000	2 400 000
5582		Sektoravgifter under Energidepartementet:	
	75	Sektoravgifter under Havindustritilsynet, blir auka med frå kr 134 933 000 til kr 140 000 000	5 067 000

*Fullmakt til å inngå avtale og pådra staten forplikningar for Langskip
(fangst og lagring av CO₂)*

II

Stortinget samtykker i at Energidepartementet kan inngå revidert avtale med Hafslund Celsio under føresetnad av tilstrekkeleg eigenfinansiering eller finansiering frå andre kjelder og at avtalen er i tråd med prinsippa som er omtalte nærmare under kap. 1850 CO₂-handtering, post 72 Langskip – fangst og lagring av CO₂, der statens maksimale støtte kan utgjere inntil:

- a) 2 000 mill. 2024-kroner i investeringar (CAPEX). Energidepartementet får fullmakt til å pris- og valutajustere investeringstilskotet i åra som kjem.
- b) 900 mill. 2024-kroner i eit oppstartstilskot som blir utbetalt når fangstprosjektet er sett i drift. Energidepartementet får fullmakt til å prisjustere oppstartstilskotet i åra som kjem og

- renteberekne den delen av investeringstilskotet som er gjort om til oppstartstilskot. Av oppstartstilskotet blir inntil 350 mill. 2024-kroner trappa ned for kvar dag som ferdigstillinga av fangstprosjektet blir forseinka frå og med 1. oktober 2029. Nedtrappinga er 0,5 mill. kroner per dag til og med 31. mars 2030 og 1 mill. kroner per dag frå og med 1. april 2030.
- c) 1 500 mill. 2024-kroner i driftsutgifter (OPEX) i inntil ti år frå driftsoppstart. Energidepartementet får fullmakt til å pris- og straumprisjustere driftstilskotet i åra som kjem.

Det blir gitt tilleggsstøtte for fanga CO₂ som ikkje er kvotepliktig, tilsvarande kvoteprisen per tonn CO₂ fråtrekt forbrenningsavgifta, i ti år frå driftsoppstart.